



Deres ref:

Vår ref:

Sakshandsamar:

Arkivkode:

Dato:

Utvida karantenepåbod og innreiseforbod – Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar

Godkjent av (x)	Ordførar	x	Rådmann	x	Kommunelege	x
-----------------	----------	---	---------	---	-------------	---

Vedtaket:

For å stoppe spreing av Covid-19 og bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstenester gjer kommuneoverlegane i kommunane Seljord, Kviteseid og Vinje tysdag 17.03.20 følgjande vedtak, etter smittevernlova § 4-1 femte ledd:

1) Vedtaket omfattar per 17.03.20 følgjande område:

Alle fylke og kommunar i Noreg, med unntak av Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Hjartdal, Notodden og Tinn.

2) Alle som kjem til regionen etter reiser i Noreg blir sett i heimekarantene i 14 dagar etter ankomst til kommunen, med unntak for dei kommunar som er lista opp i punkt 1.

Dette gjeld også arbeidspendlarar som pendlar ut frå kommunen.

Husstandsmedlemmar er ikkje omfatta av vedtaket.

3) Alle som har opphald i område nemnd i punkt 1 har forbod mot å reise inn til Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar, med unntak for dei kommunar som er lista opp i punkt 1.

Dette gjeld også arbeidstakarar som pendlar inn til arbeidsplassar i Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar dersom dei ikkje utfører samfunnskritiske oppgåver.

4) For personar som utviklar sjukdom eller symptom i karanteneperioden, gjeld dei føringane som til ei kvar tid kjem frå myndighetene for omgjerung av karantene til isolasjon.

5) Vedtaket vert gjeve tilbakeverkande kraft frå og med 13.mars.

6) Leiing av verksemder som er lista etter DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjonar vert gjeve adgang til å gjere unntak for eige nøkkelpersonell når dette er strengt naudsynt for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar.

Dette er definert som kritiske samfunnsfunksjonar:

https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell_i_kritiske_samfunnsfunksjoner_16.03.2020.pdf

Lista kan bli endra, følg oppdatert info på www.fhi.no.



7) Førar og personell av vare- og passasjertransport vert unnateke frå karantenekravet i dette vedtaket, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjeld. Dette omfattar òg personell som er naudsynt for å gjennomføre transporten.

8) Reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det let seg gjere halde avstand til andre.

Reisande med symptom skal umiddelbart i isolering, og kan ikkje bruke offentleg transport.

9) Vedtaket har verknad frå 17.03.2020 kl. 18.00, og gjeld inntil nytt vedtak er fatta.



Rettsleg grunnlag:

Smittevernlova § 4-1 femte ledd gjev kommuneoverlegen, i kommunestyret sin stad, heimel til å sette i verk ulike tiltak i hastesaker, når det er naudsynt for å forebygge ein allmennfarleg smittsam sjukdom eller motverke at den vert overført i befolkninga. Aktuelle tiltak går fram av bestemmelsens første ledd bokstavane a til e.

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 går fram av smittevernlova § 1-5: "Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder. Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."

Det vert og synt til Helse og omsorgsdepartementet vedtak av 13-03-20 om Forskrift om karantene mv. etter reiser utenfor Norden.

Grunngjeving:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvenser for mange mennesker. Sjukdomen er òg erklært som ein pandemi og ei alvorlig hending av betydning for internasjonal folkehelse av WHO.

Helsedirektoratet vedtok 12.03.20 omfattande tiltak for å hindre spreiring av Covid-19 og for å bidra til å halde i hevd naudsynte helse- og omsorgstenester.

Her vert det mellom anna sagt:

“Helsedirektoratet ønsker at innenlands transport skal gå mest mulig som normalt, men vi oppfordrer sterkt alle til å unngå fritidsreiser.

Vi oppfordrer til å unngå reiser som ikke er strengt nødvendig (både innenlands og utenlands), unngå offentlig transport hvis du kan, unngå andre steder hvor du lett kommer nær andre, unngå nærkontakt med andre.”

Covid-19 epidemien har i dag ulikt omfang i Noreg. Folkehelseinstituttet har uttalt at epidemien no har gått over i ei ny fase der ein ikkje har klart å identifisere smittkjeda for alle som vert sjuke. Dette inneber at ikkje alle nye smittetilfelle lenger let seg spore til utlandet.

I vår region er smittepresset framleis lågt, og alle kjente smittetilfelle kan sporast. Kommuneoverlegen ser det som avgjerande å redusere smittepresset frå utanfor regionen.

Regionen er prega av små lokalsamfunn og lange avstandar, og kritiske samfunnsfunksjonar vil vere ekstra utsett her ved ein omfattande epidemi. Kommunane generelt og helse- og omsorgstenesta spesielt har avgrensa kapasitet.

Kommuneoverlegane ser dette vedtaket som ei naturleg følge av Folkehelseinstituttet sine tilrådingar, og Helsedirektoratet sitt nasjonale vedtak. I den noverande situasjonen er det naudsynt å førebyggje og motverke spreiring av covid-19 og det er avgjerande å få satt i verk tiltak raskt. Tiltaket vert vurdert som naudsynt både for å beskytte sårbare grupper og for å halde i hevd naudsynt kapasitet i helsetenesta.

Forbodet gjeld for dei ovannevnte kommunane med mindre anna særskilt vert bestemt.

Kommuneoverlegane vurderar at smitteverntiltaket har ei medisinskfagleg grunngjeving, er naudsynt av hensyn til smittevernet og for å halde i hevd tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunen og i



SELJORD KOMMUNE

helse- og omsorgstenesta. Tiltaket vert difor vurdert som forholdsmessig og teneleg utifrå ei heilskapsvurdering.

Etter kommuneoverlegane si vurdering vil den samfunnsmessige nytta ved smitteverntiltaket overstige den belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Kine Jordbakke
Kommuneoverlege Seljord kommune

Anne Ruth Syrtveit Mikalsen
Kommuneoverlege Kviteseid kommune

Marius Opsahl
Kommuneoverlege Vinje kommune



Vanar som førebyggjer **smitte**



Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

